

# HAREID ROTARY KLUBB



MÅNEDSBREV AUGUST 2003.

ÅRGANG 39

DISTRIKT 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00 – 19.00  
Møtested: Klubbhuset til  
Hareid IL  
6060 Hareid

President: Elisabet Sundgot

Visepres.: Ingar Bigset  
Sekretær: Trygve Riise  
Kasserer: Oddvar Haugen  
Past pres.: John Stennes  
Styremedlem: Arne Lillebø  
Styremedlem: Arve R. Røyseth  
Leiar ungdoms  
utveksling: Sverre Bjåstad

Ansv. Red.: Jan-Håvard Nytun  
Referent i august: Nils Yngve Nupen

Fødselsdager i september:

|                       |       |
|-----------------------|-------|
| Anne Gry Eilertsen    | 02.09 |
| John Jarle Holstad    | 12.09 |
| Johs. J. Hareide      | 16.09 |
| Oddvar Haugen         | 18.09 |
| Dagfinn Vattøy        | 19.09 |
| Ingar Bigset          | 25.09 |
| Øyvind Walter Jenssen | 26.09 |

100%frammøte i august:

**Sigurd Bigset, Johan Ole Brandal, Terje Dalsøren, Håkon Eidsvik, Arne G. Grimstad, Johs. J. Hareide, Hans Gisle Holstad, John Jarle Holstad, Einar Holm, Jarle Klungsøyr, Arne Kvalsvik, Jan Håvard Nytun, Nils Yngve Nupen, Elias Sellevold**

## Til lags åt alle

Til lags åt alle kan ingen gjera, det er no gammalt og vil så vera Eg tykkjer støtt at det høver best å hjelpa den som det trenger mest.

Og kor du bryggjar, og kor du bakar. ðer alltid ein som det ikkje smakar Og når den eine da gjerer rop, så roper sidan den heile hop.

Ðer mange nok som vil domar vera og le åt alt som dei andre gjera. Og lyte finna dei rundt ikring, og sjolve gjera dei ingen ting

Ivar Åsen

### **Mandag 04.august 2003**

President Elisabet Sundgot opna møtet.

Ho kom m.a. med helsing frå Svein Flø der han takka medlemmane for mange oppmuntrande og gode telefonsamtalar. (Svein hadde vurdert å melde seg ut av Rotary grunna politiske verv, men ville no vurdere å halde fram.)

Oppsett program for dagen var arbeid i komiteane der kvar komite skal gjere ferdig årsplan for 2003/2004 som skal leggst fram på møte den 11 .august.

Gjest: På møtet fekk vi besøk av Odd Hofseth som er utflytta frå Ulstein, busett i Mjøndalen og medlem av Mjøndalen Rotaryklubb.

### **Mandag 11.august 2003**

President Elisabet Sundgot opna møtet med å ønske Halvard Holm velkomen til å halde eit innlegg om sine turar som guide på ein turistbåt som går til Svalbard og vidare til Kvitsjøen og Arkhangelsk.

Elisabet Sundgot kom med invitasjon frå Giske Rotaryklubb som vil ha gjenbesøk av Hareid Rotaryklubb. Det vart bestemt å få til ein tur mandag 25.august.

Det vart også kunngjort eit Rotary foundation seminar i ørskog 6.september der Gunnar Rise vart oppfordra til å reise. Det var også mogleg for fleire å melde seg på.

Mandag 18. august får komiteane presentere årsplanane for 2003/2004.

Mandag 1 .september vil Trygve Rise orientere om valgordninga.

### Referat frå innlegg av Halvard Holm

Halvard Holm heldt eit svært interessant innlegg om turistturar med båten Lindblad Explorer som går langs norskekysten til Svalbard og med Solovetskijøyane som mål i Kvitsjøen.

Lindblad Explorer er 70 m lang med plass til 92 passasjerar. Halvard Holm er guide ombord og kunne fortelle at turistane i hovudsak er rike amerikanarar som betalar ca. 140-150.000 pr. person for å få oppleve ein ferietur utanom det vanlige. Med på turane er det geologar, professorar m.fl. som held innlegg.

På våre kantar går turen til øye og Norangsdalen, så Geiranger og Ålesund. Vidare langs kysten til Trollhatten, Lofoten, Tromsø, over til Bjørmøya og Longeyarbyen på Svalbard. Turen går så i Barentshavet rundt Kolahalvøya, Kvitsjøen og sørover til Arkangelsk.

Mange av dei som er med på turen har ifig. Holm ikkje opplevd "natur", så møtet med sjøhestar, kvalross, kval, lundefugl, sel, isbjorn, og dei mange artane med måse mm. er ei veldig oppleving for turistane. På Svalbard er dei m.a. innom kvalstasjonane.

Holm kunne fortelle at nordområda er svært utsett mht. forureining. Det er m.a. funne PCB-gift i isbjørn. Forskarane meiner dette kan ha samband med at havstraumane og luftraumane møtest her og at industrigifter frå t.d.ømes Sheffield blir ført hit.

Kvitsjøen er store delar av året dekt med is, ellers stort sett dekt av skodde.

Arkangelsk er ein by med ca. 400.000 innbyggjarar som ligg ved Dvinas utløp i Kvitsjøen. Byen består av blokkbebyggelse (Peter den store arkitekten), men også gamal trehusbebyggelse.

På Solovetskijøyane vart det under Stalin-tida sendt 100.000 politiske fangar til slavearbeid.

Holm fortalde om grufulle henrettelsar og straffemetodar. Dei politiske fangane var vanlige menneske, som av ein eller annen grunn vart sett på som potensielle fiendar av revolusjonen. Juristar, lærarar, og andre med høg utdanning, studenter, etniske minoriteter, religiøse leiarar og vanlige arbeidarar og bønder. Alle desse vart ofre for å fylle opp ei kvote.

I dag bur det 5-600 munkar i kloster på øya som er brukt som pilgrims plass for russisk-ortodokse i Russland. Øyane er i dag mykje nytta som turmål, bading etc. og det pågår idag ei konflikt mellom munkane som ser klare konflikter ved at lettkledde ferierande går på hellig grunn.

Vi takkar Halvard Holm for eit svært interessant foredrag.

### **Mandag 18.august 2003.**

President Elisabet Sundgot starta med å orientere om invitasjonen frå Giske Rotaryklubb der Hareid Rotaryklubb hadde takka ja til å reise til Giske 25.august og at klubben ynskte å besøke Giske kyrkje. Då det ikkje var mulig å få til eit slikt besøk denne dagen, men derimot mandag 1.september så vart det bestemt å reise denne dagen med avgang frå Hareid hurtigbåtkai kl. 17.00. Trygve Riise sitt innlegg om valordninga vart utsett til mandag 8. september.

Guvernør Roald har stilt spørsmål om Hareid Rotaryklubb ville ha besøk av KNM Hitra (ubåtjager) som er kjend for sine turar over Nordsjøen til Shetland under kri s m.a. frakta Shetlandsgjengen.



Dei enkelte komiteane presenterte årsplanane.

Her hadde arrangementskomiteen m.a. forslag til krabbefest, røyrafest og fottur i Stordalsfjella med overnatting på hytta til Otto Holstad og hytta til Sigbjørn Haddal. Til våren var det også lagt inn ein rekefest.

Samfunnskomiteen v/ Hans Gisle Holstad hadde fått i oppdrag å arbeide med prosjektet gangveg/sti langs Hareidsvassdraget. I første utbyggingsetappe har komiteen tenkt seg utbygging av ein 1,5 m oppgrusa gangsti frå Lisjebrua til Grimstadvatnet med gangbru over elva. Det vil bli søkt om spelemidlar og bygdeutviklingsmidlar frå BU.

Komiteen for internasjonale tenester/ungdomsutveksling v/ Sverre Bjåstad la opp til utveksling av studentar kvart 4. år. Komande år vil komiteen nytte til å samle erfaringsbakgrunn frå siste utveksling.

Songkomiteen v/ Arne G. Grimstad sa nokre ord om det positive ved at Hareid Rotaryklubb starta sine møter med allsong frå songboka til Ivar Grimstad og at dei fleste no var godt kjende med melodiane i boka.

Den internasjonale komiteen ved Odd Arne Holstad la i sin årsplan fram eit opplegg der komiteen ville ta føre seg det fleirkulturelle samfunnet og erfaringar med integrering i det norske samfunnet.

**Mandag 25.august 2003.**

President Elisabet Sundgot starta med å lese utdrag frå Molde øst rotaryklubb sitt månadsbrev pr. 01 .august 2003. Guvernør Bjørn Haukebø.

Det vart vidare lagt fram eit programoppsett for hausten der m.a. fotturen frå Langsetra i Valldal til Stordal vart nemnt.